


# Ei gløymd fane, frå ei utrygg tid

av  
Gaute Skretting

*I Bjerkreim kyrkje, i skapet under alteret, ligg eit klenodium: I eit forseggjort futeral av trespiler, gøymmer det seg eit stort, einsfarga, raudt flag. Ivar Solberg kom over det i samband med pynting til 17. mai for over 60 år sidan. Han fekk ikkje særleg rede på kva det var, anna enn at det visstnok skulle brukast om her vart ufred og krig.*



*Bjerkreimkyrkja*

## EI ULØYST GÅTE LENGE

Sidan har flaget lege der, ukjent for dei fleste. Men me ville gjerne vita meir om bakgrunn og bruk. Me vende oss til museet, og vart litt klokare. Men me var ikkje nøgde, og fann ut at me skulle setja Lisabet Risa på saka. Ho måtte vera den rette. Ho har skrive bygdebøkene våre, og rotar i statsarkivet dagstøtt. Ho hadde aldri høyrte gjete noko slikt flag, men vart forhippen på å finna ut av det.

Tida gjekk, det var ikkje enkelt å løysa gåta. Kyrkjeverge, prestar og biskop var ikkje til

hjelp. Men i desse dagar har Lisabet Risa kome til endes på nystinga. Løysinga fann ho i Talgje kyrkje. Der hadde dei same flaget, og dei hadde kome til botnar i saka: Det var eit mobiliseringsflag frå dei usikre åra kring 1900, då me ville gå ut av unionen med Sverige.


For folk i Bjerkreim var det politiske spelet langt borte. Dei visste at me var i lag med Sverige, men og at me hadde eiga regjering, styrte oss sjølve i det meste. Dei såg og at dei snaue hundre åra i lag med svenskane, hadde ført landet vårt monaleg fram, i høve til den utplyndringa danskane hadde stått for. Men nå når tilhøvet til svenskane spissa seg til, fekk dei nok med seg at det bryggja opp til ufred. Kan henda opplyste presten om korleis det stod til med unionen. På den tida mobiliseringsflaget vart sendt ut, var det Torvald Egidius Isachsen som var sokneprest i Helleland sokn. Han mottok flag til alle tre kyrkjene; på Helleland, Bjerkreim og Ivesdal, og då orienterte han truleg menigheta om dette.

## PÅBOD FRÅ MYNDIGHETENE

Den 30. januar 1902 kom eit skriv frå ”Den kongelige norske regjerings kirke-og-undervisningsdepartement” Det gjekk ut til alle sokneprestane i landet. Her ser det ut for at forsvarsdep., armeen, har sendt ut dei raude flaga med flagstang i 1899. Skrivet som nå kom, seier utførleg korleis kyrkjene skal utføra mobilisering: Straks mobiliseringsvarsel vert utsendt, skal flaga hengjast ut frå kyrkjetårnet, og det skal ringjast med kyrkjeklokka, ubrote i 12 timar. Dette gjaldt alle kyrkjene i sognet. Ringinga skulle gjerast som banking på den største klokka. Eit kort slag, pause, to slag, slik: - .. - .. - Etter fem minutt vart det fem minutt pause.

Det var soknepresten sitt ansvar at alt var klart om varsel kom. Flag og stang måtte liggja lett tilgjengeleg, ringjar skulle vera instruert og klar, med avtalt løn. Der private eigarar var inne, måtte og desse vera førebudde. ”*Af nærværende skrivelse følger et extra-exemplar for hver kirke (kapeller iberegnet) til mulig lettelse ved udfærdigelse af nødvendige instruxer for ringerne. Til oppslag paa samtlige i prestegjeldet fast ansatte presters kontorer følger aftryk paa stivt papir*”. Alt var nøye planlagt. Skrivet er underteikna av Wexelsen.

Flaget vart aldri nytta. Unionen vart avvikla på fredeleg vis i 1905. Men det ligg der, lett tilgjengeleg som skrivet frå Wexelsen sa. Ingen av kyrkja sine folk veit korleis det skal nyttast. Men om tidene skulle krevja mobilisering mot eit eller anna, så har me i dag mobiltelefonar og internett. Flaget kjem nok aldri i bruk.



*Dette var sokneprest Torvald Egidius Isachsen som tok i mot flag og instruksjonar om bruk.*



*Bilde av flagget: Det var eit svært tøystykke med skikkeleg alarmfarge.  
Her flankert av Ivar Solberg som var opphavet til oppklaringa.*

## ARTIKKELEN STOD I DALANE TIDENDE FEBRUAR 2012

Aaland Gård, oktober 2016  
Paul Tengesdal